

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	03/03/2023
<b>Vår referanse</b>	2023/600-4
<b>Dykkar referanse</b>	22/7869
<b>Sakshandsamar</b>	Peter Forras
<b>E-post</b>	Peter.Forras@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47690029

**Kulturminnefagleg fråsegn - riving av våningshus - gnr. 85 bnr. 3 - Kvalvåg - Alver kommune**

Viser til svar på mellombels kulturminnefagleg fråsegn frå Vestland fylkeskommune, dagsett 27.02.2023. Saka gjeld riving av eldre våningshus på gnr. 85 bnr. 3 i Kvalvåg i Alver kommune. Vi etterlyste utfyllande informasjon om bygningen som vert planlagt rive.

Det vert vist til at huset ikkje er SEFRAK-registrert og at huset dermed vurderast som etter 1850. Vi gjer merksame på at SEFREK-registeret er eit avslutta register og kan ha manglar og feil. Byggjeåret vert oppgitt til 1910, men dette er ikkje dokumentert av søkjar eller av Alver kommune. Lengda på huset på bileta kan tyde på at det er ein tradisjonell leinstove med tredelt symmetrisk grunnplan, og at huset dermed kan vere sett saman av bygningsdelar frå eldre bygningar.

Vi har etter dette motteke noko meir dokumentasjon gjennom fotografiar av huset. Fotografia tydar på at huset er i ein høvesvis dårleg tilstand. Sjølv om dateringsopplysingane er usikre vil me derfor ikkje motsette oss riving av bygningen. På den andre sida er det viktig å sikre kunnskap om bygningen før den eventuelt vert riven, fordi leinstova har vore svært viktig for byggjeskikken i Nordhordland, samstundes som bevaringa av eit representativt utval av bygningstypen i dag er truga av riving og ombygging.

Vi rår til at det vert stilt krav om antikvarisk dokumentasjon av våningshuset før det var gjeve løyve til riving, og at denne dokumentasjonen vert send til Vestland fylkeskommune slik at huset kan registrerast i kulturminnedatabasen Askeladden. Dokumentasjonen bør inneholde situasjonsplan, fotografi frå alle himmelretningar, foto frå eksteriør og interiør, ein målsatt prinsippsskisse med eldstadar inkludert og ein kort oppsummering av historikk. I dette tilfellet bør også tømmerkonstruksjonen fotograferast nøye når den vert avdekka, slik at datering kan sannsynleggjerast ut frå typologiske vurderingar av laftinga og tilhogginga/saginga av tømmeret.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan (Førde)**Peter Forras**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan (Førde)*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

